

REGLEMENT FOR

MØRE OG ROMSDAL FYLKESUTVAL

Fastsett i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner § 39 nr. 1.

Vedteke av fylkestinget i møte 13. og 14. juni 1995, sak T-24/95.
m/endingar vedteke av fylkestinget i møte 8. april 2003, sak T-8/03.

I

HEIMELSGRUNNLAG - DELEGASJON

- § 1 Fylkesutvalet er valt i medhald av koml § 8. Etter vedtak i sak T-38/90 og T-13/02 har fylkesutvalet i Møre og Romsdal 13 medlemmer.
- § 2 Fylkesutvalet utfører dei gjeremåla som kommunelova legg på det, avgjer dei sakene som fylkestinget gjev det fullmakt til å avgjere, innstiller i saker til fylkestinget og gjev dei fråsegner som departementet ber om når ikkje anna er fastsett. Fråsegner som blir behandla i fylkestinget, kan gå direkte frå hovudutvalet til fylkestinget.

Fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker innafor den fylkeskommunale verksemda som fylkestinget har høve til å delegere til fylkesutvalet, med mindre fylkestinget fastset noko anna, eller avgjerdsmyndet er overført til andre, jfr. § 4 i reglement for hovudutvala.

Fylkesutvalet kan vidaredelegere sitt mynde til fylkesordføraren eller fylkesrådmannen i den grad lov, forskrift eller vedtak av fylkestinget ikkje er til hinder for det, jfr. koml § 9 nr 5 og § 23 nr 4.

II

FØREBUING AV SAKENE

- § 3 Fylkesrådmannen skal syte for at dei sakene som skal leggjast fram for fylkesutvalet er førebudde på forsvarleg måte og i samsvar med dei reglar som lov og andre bindande føresegner gjev.

III

MØTE - INNKALLING - KUNNGJERING - SAKSDOKUMENT

- § 4 Fylkesutvalet gjer vedtaka sine i møte som blir haldne etter møteplan vedteken av fylkesutvalet, når fylkesordføraren finn det turvande eller når minst 1/3 av fylkesutvalet sine medlemmer krev det.

Når vilkåra etter koml § 30 nr 2 og forskrifter fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet er til stades, kan fylkesutvalet ta avgjerd i kurante saker ved:

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av fylkesordføraren i kvart einskild høve.

- § 5** Fylkesordføraren sender innkalling på grunnlag av fastsett møteplan til fylkesutvalets medlemmer og varamedlemmer. Til det einskilde møtet skal det med ein frist på minst ei veke sendast innkalling som viser tid og stad for møtet og med oppgåve over sakene som skal behandlast i møtet. Fylkesrevisjonen får tilsendt gjenpart av innkallinga med saklista.
- § 6** Fylkesutvalet sine møte skal kunngjerast, jfr. koml § 32 nr. 3.
- § 7** Føreliggjande saker med innstilling som skal leggjast fram til behandling, skal sendast fylkesutvalet sine medlemmer, varamedlemmer og revisjonen seinast ei veke før møtet. Fylkesutvalssaker som det vil føre til skade å vente med å avgjere, og som ikkje var ferdig til utsending innan ordinær frist, kan sendast ut seinare. Fylkesutvalet vil for kvar slik sak ta stode til om saka skal utsetjast til neste ordinære møte.

Medlemmer og varamedlemmer har høve til å gå gjennom saksdokumenta på fylkesrådmannen sitt kontor.

IV OPNE ELLER LUKKA MØTE - TEIEPLIKT

- § 8** Føresegnene i kap. IV, §§ 8 - 9 i reglementet for fylkestinget gjeld tilsvarande for fylkesutvalet.

V MØTEPLIKT - FORFALL - VARAMEDLEMER - VEDTAKSFØRLEIK - UGILDSKAP

- § 9** Føresegnene i kap. V, §§ 10 - 12 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarande måte for fylkesutvalet, bortsett frå at forfallsmeldingar kan gjevast muntleg.

VI ANDRE DELTAKARAR I MØTET

- § 10** Føresegnene i kap. VI, § 13 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarande måte for fylkesutvalet.

**VII
MØTESTYRAR - OPNING AV MØTET**

- § 11** Føresegnene i kap VII, §§ 14 og 15 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**VIII
REKKJEFØLGJA VED HANDSAMING AV SAKENE
SAK SOM ER TEKE OPP TIL BEHANDLING
SAK SOM IKKJE ER NEMNT I INNKALLINGA**

- § 12** Føresegnene i kap VIII, §§ 16 - 18 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**IX
MØTESTYRAREN SI UTGREIING AV SAKENE
REKKJEFØLGJA AV TALARANE**

- § 13** Føresegnene i kap IX, § 19 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**X
ORDSKIFTET OG AVRØYSTINGA**

- § 14** Om forhandlingane gjeld føresegnene i § 20, § 21 første ledd, § 22 andre ledd, § 23 og § 24 i reglementet for fylkestinget på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

Om røysting gjeld føresegnene i § 25 og § 26 a, b og d i reglementet for fylkestinget på tilsvarende måte for fylkesutvalet.

**XI
SPØRSMÅL**

- § 15** Fylkesutvalsmedlemene kan rette førespurnader til fylkesordføraren, jfr. koml § 34 nr 2. Skal spørsmålet danne utgangspunkt for realitetsvedtak, må framgangsmåten for oppføring av ny sak på saklista følgjast, jfr. § 18 i reglementet for fylkestinget.

XII SENDENEMNDER (DEPUTASJONAR)

- § 16** Føresegnene i § 30 i reglementet for fylkestinget gjeld på tilsvarende måte for fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan likevel ta imot utsendingane i møtesalen. Når utvalet har høyrte kva utsendingane har å seie, svarar fylkesordføraren som han/ho har høve til. Kvar medlem av fylkesutvalet kan be fylkesordføraren stille utsendingane spørsmål om faktiske sider av saka, men noko ordskifte må ikkje finne stad medan høyringa av utsendingane finn stad.

XIII FØRING AV MØTEBOKA

- § 17** Det skal førast møtebok over forhandlingane i fylkesutvalet i samsvar med reglement fastsett av fylkestinget, jfr. koml § 30 nr 3.

Møteboka skal leggjast fram til godkjenning i det følgjande møtet i fylkesutvalet og underskrivast av medlemene som tok del i møtet.